

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

31.12.2024

- ✓ **Feira 200 praktikantar på kringkastingssjefen sitt kontor**
- ✓ **Tøffe tider i bransjen – men mange fekk fast jobb**
- ✓ **Stort samarbeid: Satsar på frukostmøte og språkfestival**
- ✓ **Fleire tidlegare praktikantar heidra for nynorskbruk**

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 205 praktikantar. Frå dei siste ti kulla jobbar 68 prosent framleis i media. Totalt 50 prosent er framleis i NRK. 18 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Feira 200 praktikantar med kaffi og kake på kringkastingssjefens kontor

Vibeke Først Haugen serverte kake og kaffi då kull 40 og nynorskpraktikant nummer 200 kom på besøk på kringkastingssjefen sitt kontor.



KAKEMARKERING: Praktikant Tora Carlsen Haaland serverer marsipankake til kringkastingssjef Vibeke Først Haugen og dei andre praktikantane og tilsette frå NRK Nynorsk mediesenter. Foto: Andreas Sundby, NRK

– Eg er veldig fornøgd med at mediesenteret har rekruttert 200 praktikantar dei siste 20 åra, seier kringkastingssjef Vibeke Først Haugen.

I vår fekk ho besøk av praktikantane frå Nynorsk mediesenter, og då nytta ho høvet til å overraske dei med ei kake med teksten «Nynorskpraktikant nr. 200».

– Praktikantane gjer ein svært viktig jobb, både for å løfte og berike språket i NRK, men også fordi dei tilfører eit nytt blikk og ny kompetanse, seier ho.

NRK Nynorsk mediesenter kom i gang med det første kullet ved NRK-kontoret i Førde i 2004. Det var Magni Øvrebotten som var den første leiaren ved senteret.

Leigd inn som faglærarar

Oddmund Haugen og Ole Kristian Svalheim var innleigde faglærar for kvart sitt kull med praktikantar i 2024. Haugen hadde kull 40 på våren, medan Svalheim hadde kull 41. Begge jobbar til vanleg i NRK Vestland i Førde. Eva Marie Felde er fast tilsett som faglærar ved NRK Nynorsk mediesenter og var såleis med på begge.

Tøffe tider i bransjen - men mange sikra seg likevel fast jobb

I løpet av 2024 fekk ni tidlegare nynorskpraktikantar faste jobbar som journalistar.



PRAKTIKANTAR: Matilde Sunde Solsvik (framme) og Ingrid Byggland (bak) starta ved NRK Nynorsk mediesenter saman med dei andre praktikantane på kull 39. Eit år seinare har dei fått faste jobbar som journalistar.

Foto: Arne Stubhaug, NRK

– Det er tøft å få fast jobb i mediebransjen for tida, og desto meir gledeleg er det at tidlegare praktikantar kjem gjennom nålauget, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter.

I 2024 fekk ni tidlegare nynorskpraktikantar faste jobbar i media. Fem av dei faste tilsetjingane var i NRK. I tillegg vanka det faste jobbar i ulike aviser og lokale medium. Og: Alle får bruke nynorsk i redaksjonane sine:

- ✓ Bjørne Østrem Djukastein, NRK Nyheter
- ✓ Ingrid Byggland, Vest-Telemark Blad
- ✓ Matilde Sunde Solsvik, Vårt Land
- ✓ Kasper Valestrand, avisa Nordhordland
- ✓ Guro Brattespe, NRK riks i Bergen
- ✓ Sunniva Skurtveit, NRK Trøndelag
- ✓ Sigrid Agnethe Hansen, iTromsø
- ✓ Magnus Stokka, NRK Rogaland
- ✓ Berit Helle Jonsbråten, NRK Rogaland

Guro Brattespe gjekk på NRK Nynorsk mediesenter i 2020, og er letta over å ha fått fast jobb i riksavdelinga til NRK i Bergen.

– Eg hadde ikkje fått fast jobb i denne bransjen utan Nynorsk mediesenter, seier ho.

Ingrid Byggland vart tilsett som journalist i Vest-Telemark Blad. Ho var glad for at ho fekk sjansen som nynorskpraktikant i NRK.

– Det at vi fekk opplæring og praksis på alle plattformer, gjer og at eg føler meg betre rusta som journalist, då det er større fokus på fleire plattformer også i lokalaviser, sa Byggland.

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter rekruttert og lært opp 205 nynorskbrukande journalistar. Av dei siste 50 praktikantane er 50 prosent framleis tilknytt NRK i form av fast jobb eller vikariat. 18 prosent har jobb i andre medium.

Reiste rundt med nye nynorskkurs

Også i 2024 vart det arrangert nynorskkurs for NRK-medarbeidarar.

NRK Nynorsk mediesenter har i ei årrekke arrangert nynorskkurs i samarbeid med språksjefen, og i dei siste åra har nyheitsdivisjonen også vore ein del av samarbeidet. Våren 2024 var det Marte Halsør og Rune Fossum Lillesvangstu som heldt kursa, og dei samla kursdeltakarar i Tønsberg, Porsgrunn, Lillehammer og Fredrikstad. I tillegg melde toppleiargruppa i NRK interesse for å få kurs, og det vart halde på kringkastingssjefen sitt kontor i januar.

Sidan mediesenteret starta med kurs i samarbeid med NRK Vestland i 2016, har fleire hundre tilsette i NRK vore med på nynorskkurs.



To av kursa i 2024. Til venstre: Toppleiargruppa. Til høgre: Lillehammer

Gjennomførte ny runde med fadrar

Fem personar deltok på nynorsk fadderordning våren 2024.

– Dei som melder seg på ordninga er motiverte og lærevillige. Og nynorskfolket stiller velvillig opp som fadrar – og det er gull verdt, skriv Eva Marie Felde i rapporten for fadderordninga i 2024.

Fadderordninga vart lyst ut i bakkant av nynorsk kursa tidlegare på året, og ordninga vart gjennomført i mai og juni. Éin av deltakarane var praktikant, medan dei fire andre var fast tilsette i ulike redaksjonar rundt omkring i NRK.



Eva Marie Felde er til vanleg faglærer ved Nynorsk mediesenter. I 2024 bidrog ho i tillegg til både nynorsk fadderordning og Klassequizen. Her saman med leiar Rune Fossum Lillesvangstu.

Foto: Oddmund Haugen, NRK

Løfta fram nynorsken i Klassequizen

NRK Nynorsk mediesenter samarbeidde med NRK Vestland om å omsette spørsmål frå bokmål til nynorsk for Klassequizen.

Korleis ta vare på både den korrekte og gode nynorsken i overgangen frå bokmål til nynorsk i Klassequizen? NRK-miljøa i Førde samarbeidde i 2024 for å omsette spørsmål på bokmål til nynorsk for heile NRK, slik at programleiarane lettare kunne ta i bruk ferdige spørsmålssett. Frå Nynorsk mediesenter bidrog faglærer Eva Marie Felde til det fruktbare samarbeidet.

Stort samarbeid: Satsar på frukostmøte og språkfestival



Partane i Nynorskhuset har søkt og fått pengar til å arrangere ein møteserie som skal kulminere med ein språkfestival våren 2026.

– Alt ligg til rette for spennande arrangement i Nynorskhuset gjennom 2025 og inn i 2026, seier Rune Fossum Lillesvangstu.

Han er leiar for styringsgruppa i Nynorskhuset. Dei andre medlemmene i gruppa er redaktør Kai Aage Pedersen i Firda, redaksjonssjef Linda Olin Reite i NRK og administrerende direktør Aud Marie Aasen i Teater Vestland.

Nynorskhuset har fått tildelt pengar til satsinga frå Bergesenstiftelsen, Fritt ord, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå verksemdene skal jobbe med planlegging og gjennomføring.

– Opningsdagane i 2023 vart akkurat den folkefesten vi hadde håpa på, med fleire tusen personar innom huset. Det var både høgtideleg opning, ope hus, teaterforestilling og språkkonferanse. Og vi opplever at folk gjerne vil at Nynorskhuset skal levere meir – og det skal vi gjere. Frukostmøta blir spennande arrangement med språk som gjennomgangstema, og så skal vi lage ein solid språkfestival i 2026, seier Lillesvangstu.



Praktikantane på kull 41 stakk av med gull i nasjonal konkurranse



Utlysingsvideoen til praktikantane på kull 41 gjekk til topps i nasjonal kåring.

– Det kjennest litt surrealistisk. Vi visste ikkje ein gong at vi var nominerte, før vi fekk vite at vi hadde vunne, seier Katarina Trymsdatter Vatnvåg.

Ho er ein av dei fem praktikantane på kull 41 ved NRK Nynorsk mediesenter. Saman hadde dei frie taumar til å lage video for mediesenteret i samband med utlysinga av neste kull.

– Det er veldig artig. Og ikkje minst kjekt å lage videoen, seier Vatnvåg.

Prisutdelinga for «Karrierestories of the Year» var i Oslo, men praktikantane og dei tilsette på NRK Nynorsk mediesenter var med på storskjerm frå Førde. Først vart dei fem beste videoane viste fram, før vinnarane av bronse og sølv vart kåra. Til sist gjekk gullet til NRK-gjengen på storskjermen.

I salen sat 150 representantar frå nokre av dei mest attraktive arbeidsgjevarane i Noreg. Og i redaksjonslokala i Nynorskhuset stod jubelen i taket. Videoen gjekk til topps i konkurranse med eit 40-tals andre nominerte videoar.

Nynorskprisen gjekk til Ingvild Bryn

NRK-journalist Ingvild Bryn fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2024.



Den kjende røysta frå Dagsrevyen vart møtt med stor applaus frå publikum då ho tok imot Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Prisen blir kvart år delt ut til ein journalist som har utmerkt seg med godt språk, og som gir nynorsken status og innpass på nye område.

– Eg blir stolt når eg høyrer at eg er brukt som rettesnor av til dømes norsklærarar på vidaregåande. Eg er takknemleg dersom eg kan vere ein rollemodell for andre som den synlege nynorskbrukaren eg er, sa ho.

Juryen fekk inn 39 nominasjonar, fordelt på 16 ulike kandidatar. Av desse valde juryen å gje prisen til Bryn, som i 40 år har vore ein pådrivar for journalistikk på nynorsk. «Årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar er for tre generasjonar nordmenn eit lysande døme på korleis kvalitetsjournalistikk på talt nynorsk skal vere. For mange er ho sjølv nynorskrøysta med stor n», heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Prisen vart delt ut under Festspela i Ørsta 7. juni 2024. NRK Nynorsk mediesenter er departementet sitt sekretariat for prisen.

«P3-Arian» vart årets Storegut

– Nynorsken har alltid vore både hjartespåket mitt og nyttespåket mitt, seier programleiar Arianrhod «Arian» Engebø.



PRISVINNAR: Arianrhod Engebø fekk Storegutprisen i 2024. Foto: Heidi Molstad Andresen / NPK

Journalist, radioprofil og programleiar Arianrhod «Arian» Engebø (30) vart heidra med Storegutprisen under Litteraturdagane i Vinje i september.

Prisen blir kvart år gjeven til den eller dei som på ein positiv måte nyttar eit levande og ledig nynorsk i det offentlege rom. Engebø er den yngste vinnaren av prisen, som har blitt delt ut sidan 2002.

– Årets vinnar er eit inspirerende førebilete for unge nynorskbrukarar i dag, seier juryleiar i Storegutnemnda, Aasmund Nordstoga.

Storegutnemnda skriv vidare i grunngjevinga si:

«Vinnaren har vakse opp med eit stort språkmangfald og frå radiosendingar i P3 får lyttarane høyra ei klingande Førde-dialekt med skikkeleg skarre-r. Når noko skal formidlast skriftleg er det sjølv sagt på nynorsk. Å ta vare på skriftspåket sitt har vore heilt naturleg for den språkmedvitne vinnaren, men slik er det slett ikkje for alle unge nynorskbrukarar i dag».

– Dette er kjempestas! Nynorsken har alltid vore både hjartespåket og nyttespåket mitt, så å bli tildelt denne prisen gjer meg veldig stolt. Det inspirerer meg til å halde fram med å vise fram nynorsken, og eg gler meg til å ta imot prisen på Litteraturdagane, seier vinnaren Arianrhod Engebø i ei pressemelding.

Adrianrhod «Arian» Engebø byrja som nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i 2017. Ho hadde praksis i NRK P3 og fekk fast stilling i den same kanalen i 2020. Sidan då har ho blitt ei kjend stemme for mange radiolyttarar, mellom anna gjennom musikkprogrammet «StudioP3» og hennar eige program «Arian» i NRK P3.

Hetland ny nyheitsleiar i Aftenbladet

Kjersti Hetland har slutta etter 12 år i NRK.

Hun skal leie Stavanger Aftenblad sitt kontor i Sandnes, som har hovudansvaret for å dekke Sandnes, Jæren og Ryfylke. Ho starta i jobben i desember.

– Vi er stolte og glade for å få Kjersti Hetland inn i ei leiande rolle i Aftenbladet. Ho har markert seg som ein solid og dyktig journalist på mange flater i NRK. Hetland har lang erfaring med nyheiter og politikk. Det vil lesarane av Aftenbladet no få glede av, seier lokalredaktør Julie Teresa Rege Olsen.

Hetland var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter på kull 17 i 2012. Ho har sidan vore tilsett som journalist i NRK Rogaland.



Tale Hauso fekk målpris

Odda Mållag sin målpris for 2023 gjekk til Tale Hauso. Hauso er tidlegare nynorskpraktikant, og jobbar no som journalist på lokalkontoret til NRK Vestland i Odda i Hardanger. Målprisen er ei påskjøning der mållaget ønskjer å vise at dei set stor pris på og er stolte over innsatsen for nynorsk som Hauso gjer gjennom yrket sitt, skriv dei i grunngjevinga.

Leiar i Odda Mållag, Sigrid Espeland Lerbak, skriv at «Tale er ein trygg og medviten språkbrukar – noko som kjem til uttrykk mellom anna ved gjennomtenkte ordval og sikker formuleringsevne. Dette gjer seg gjeldande både i munnleg og skriftleg form. Dei sterke språklege kvalitetane gjer difor Tale til eit framifrå og svært viktig førebilete for språkbrukarar i alle aldrar».



Måblome til politisk redaktør Sølve Rydland og Bergensavisen

Sølve Rydland og BA fekk Noregs Mållag sin Måblome for å gje nynorsken større plass i ei avis og ein by som er dominert av bokmål.



Foto: Live Havro Bjørnstad / Noregs Mållag

Måblomen vart delt ut i redaksjonslokala til BA i Bergen sentrum tysdag 11. juni. I talen sin skrytte leiar Peder Lofnes Hauge i Noregs Mållag av at Bergensavisen (BA) har opna for nynorsk på redaksjonell plass. Han trekte fram Sølve Rydland sin nynorske penn som svært viktig.

– Rydland skriv mykje og godt på nynorsk i ei avis som tidlegare har hatt ei svært restriktiv line når det gjeld nynorsk på redaksjonell plass. Han har blitt eit andlet på enno ein milestolpe i Noregs Mållag sitt arbeid for meir nynorsk i pressa, sa Hauge.

Tilbake i 2005 var Sølve Rydland praktikant på kull 3 ved NRK Nynorsk mediesenter. Han har lang fartstid som journalist i NRK Hordaland og ansvarleg redaktør i avisa Nordhordland.

Ingen klagar på nynorsken i Tromsø

Ho elsker å skrive. På nynorsk. No har Sigrid Agnethe Hansen teke med seg språket inn i avisa iTromsø.



iTROMSØ: Sigrid Agnethe Hansen er tilbake der karrieren starta for ti år sidan.

Foto: Lars A. Giske

– Eg har ikkje fått nokon tilbakemeldingar på nynorsk i iTromsø, Det overraskar meg veldig, seier Sigrid Agnethe Hansen.

Etter nokre år som innhaldsprodusent i bank, har ho returnert til journalistikken. Avisa har ikkje for vane å publisere på nynorsk, men det var ikkje noko problem då Hansen bad om å få skrive nokre saker på sitt føretrekte språk.

Nyhendestoff og reportasjar leverer ho på bokmål, medan kommentarar og meningsstoff skriv ho på nynorsk. Hansen var praktikant ved Nynorsk mediesenter i 2014, og hadde praksis i NRK Tromsø. Der heldt ho også fram karrieren, og jobba mest med radio og TV.

Ho har også markert seg som ein populær ungdomsforfattar med to bestseljande bøker på nynorsk.

Hansen tok til i den nye jobben i oktober, og ho er overraska over at det verken har kome kommentarar til ho eller i kommentarfeltet på SOME om nynorsken hennar.

No lurar ho på om haldningane til nynorsk kan ha endra seg sidan ho kom inn i yrket.

– Folk er kanskje ikkje så negative lenger. Dei er iallfall ikkje høglydte, seier Hansen.

Jobbar systematisk med breaking

Simon Solheim har vore sentral i NRK sitt arbeid for å bli gode på breaking.



BREAKINGSATSING: Simon og Solheim og Olav Haugen i NRK Direkte. Foto: Endre Simonsen, m24.no

– Vi profesjonaliserer måten vi overvakar ting på, seier redaksjonsleiar Simon Solheim i NRK sin Nå og krim-redaksjon til medier24.no.

Han har dei siste åra jobba mykje med grepa NRK har gjort for å rigge seg mest mogleg når det smeller. Noko av det som er sett i verk er eit internt oppslagsverk for korleis NRK skal jobbe under hendingar, ein eigen simulator og eit graderingssystem for nyheitshendingar.

– Stikkordet er god og rask kommunikasjon, seier Solheim.

Simon Solheim var nynorskpraktikant på kull 11 i 2009. Han er ein av fleire tidlegare praktikantar som seinare har blitt redaksjonsleiar eller redaktør.

NRK-profil til Norec

Tidlegare NRK-korrespondent Roger Sevrin Bruland er ny kommunikasjonsleiar for Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) i Førde. 46-åringen har 15 år bak seg i NRK. Dei siste åra har han jobba frå Berlin med både koronapandemien og krigen i Ukraina.

Bruland starta som praktikant ved Nynorsk mediesenter i 2008, før han jobba 11 år som utanriksmedarbeidar i NRK. Han fekk i 2022 Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar.

Mathias fekk pris for dokumentar

Mathias Oppedal har fått pris for ein utradisjonell film om det å bli foreldre.



Foto: Øystein Otterdal/NRK Rogaland

Dokumentaren «Skeiv mamma» vart vist på kino i samanheng med Pride i Stavanger og Bryne, i tillegg til fleire festivalar i Europa. Filmen gjekk mellom anna til topps i sin kategori i Berlin. Oppedal har fått prisen «Best Student Feature Film» for dokumentaren.

Filmen var ein del av masteroppgåva hans på masterstudiet i dokumentarproduksjon ved Universitetet i Stavanger.

Mathias Oppedal var praktikant ved Nynorsk mediesenter i 2009. Sidan jobba han i NRK Rogaland, som reporter og nyheitssjef. Hausten 2024 byrja han som lektor i journalistikk og dokumentarproduksjon ved Universitetet i Stavanger.

Fotopris med Erna Solberg i fokus

Signe Fuglesteg Luksengard fekk 3. pris i Open klasse under kåringa av Årets bilde. Ho følgde Erna Solberg då ho gjekk inn i sin tiande valkamp.

I grunngjevinga skriv juryen: «Ein ny, humørfyllt måte å fortelje dette på. Ei lett absurd forteljing om politikk. Det er som om fotografen har tatt eit steg tilbake. I staden for å fotografere den opplagde hendinga, får vi eit innblikk i kva som skjer i mellomromma».

Årets bilde er ei årleg kåring av det beste innan norsk fotojournalistikk. For 2023 vart det sendt inn 2700 bilde og 35 videoar frå 175 fotografar.

Luksengard var nynorskpraktikant på kull 22 i 2015.

Dette er praktikantane på kull 41

**Andreas Vatne (30), Herøy, Møre og Romsdal**

I seks år har sunnmøringen arbeidd som lærar i Bergen. Han har fordjupa seg i norsk, engelsk og nynorsk skriftkultur. Han har og ein master i spesialpedagogikk. Tidlegare har han jobba på butikk, vore kinomaskinist og pleiemedarbeidar og frilansjournalist. Spesielt innan sport og fotball leverte han saker til Vikebladet Vestposten og Sunnmørsposten. Han har og skrive ein del for Vestlandsnytt.

Ann Beate Eikås Hovland (27), Jølster, Vestland

Ein nynorskdebatt på Debatten i NRK var det som fekk jølstringen til å søkje som praktikant. Ho ønskjer å bruke språket sitt i større grad. Ho har ein master i media og kommunikasjon ved Universitetet i Bergen. I løpet av studia i TV-produksjon same stad, laga ho filmen «ARV», som vann fleire prisar i 2023. Ho har god kjennskap til vestlandske vegar etter arbeid som postbod.

Katarina Trymsdatter Vatnvåg (24), Svolvær, Nordland

Lofotværingen kom til Førde med ein nyskriven bachelor i europastudium med statsvitskap frå NTNU. Ho har også gått på folkehøgskule i Sogndal, vore i Forsvaret i Sør-Varanger, og jobba som fiskar og servitør. På fritida elsker ho å vere i aktivitet, gjerne på ski, sykkel eller i ein klatrevegg. Ho meiner fleire nordlendingar bør innsjå at nordnorsk liknar meir på nynorsk enn bokmål.

Malene Laura Solheim (25), Sandane, Vestland

Dei siste åtte åra har glopparen budd i Kina, Nepal, Nederland, Danmark og Tsjekkia. På den tida fullførte ho vidaregåande på United World College, og ho studerte freds- og konfliktstudiar og internasjonale studium. Utanlandsopphaldet vart fullført med ein master i journalistikk, media og globalisering. Ho har arbeidd i utanriksavdelinga til TV 2 og hadde sommarjobb i NRK Vestland.

Åsne Margrete Kleiv (24), Vinje, Telemark

Sommaren 2024 fullførte ho ein bachelor i PR, kommunikasjon og media ved Høgskulen i Volda. Der var ho også PR-ansvarleg for Volda studentradio. Gjennom studia har ho hatt praksis ved Munchmuseet, der ho arbeidde med presse og sosiale medium. Ho har og vore ansvarleg for sosiale medium på Ekstremsportveko på Voss. Kleiv vaks opp på sauegard og starta blogg som 11-åring.

Dette er praktikantane på kull 42



Brynjar Mangor Myrtveit Osgjerd (29) Voss, Vestland

Har bakgrunn som kokk, seljar, vognførar og videojournalist. Han har ein bachelor i medium og kommunikasjon, og ein i tv-produksjon, begge frå UiB. Han har vore innom NRK Vestland som sommarvikar på foto og redigering. No ynskjer han å byggje på med meir journalistisk kompetanse som byggjer opp under det visuelle.

Fride Kvamsøe Rekdal (26) Rekdal, Møre og Romsdal

Har ein mastergrad i filmvitskap ved NTNU i Trondheim. Ho har og bachelor i same fag, der ho skreiv om kvinnerepresentasjon i nyare actionfilm. I studietida har ho arbeidd som pleieassistent ved fleire sjukeheimar. Rekdal har eit spesielt engasjement for mangfald og likestilling, og å ta vare på det nynorske språket. Ho gler seg til å løfte fram dei mange historiene som ligg og ventar på å bli fortalde.

Magnus Vattekar Sandvoll (25) Kyrkjebø, Vestland

Er utdanna lektor ved NTNU i Trondheim. Han har skrive for studentavisa i Trondheim, Natt & Dag, Gaffa og Universitetsavisa. I tillegg har han vore aktiv i studentradioen. Han har brukt nynorsk i all formidling. Sist sommar heldt han P3-lyttarane med selskap på Høyangermål.

Regine Engelina Hatvik (22) Os, Vestland

Osingan går frå jobb som journalist i lokalavisa Os & Fusaposten, der ho har arbeidd sidan i sommar. Der har ho eit spesielt ansvar for sosiale medium og å engasjere unge lesarar. Ho har ein bachelorgrad i film- og videoproduksjon frå NTNU i Trondheim. Ho har vore nynorskbrukar heile livet, og som journalist ser ho fram til å fortelje folk sine historier og bidra til samfunnsdebatten.

Håkon Kummermo (25) Haugesund, Rogaland

Har ein bachelorgrad i medium og kommunikasjon ved Universitetet i Bergen. I studietida arbeidde han også som journalist i Studvest. Som utdanna matros frå vidaregåande har Kummermo arbeidd som matrosvikar i fleire periodar, men han har også arbeidd i barnehage, vore på utveksling til Fiji og jobba som praktikant i FN-sambandet. Han ønskjer å kombinere interessa for politikk med journalistikk.

Kull 42 startar på opplæringa i Førde 6. januar. Dei skal vere ferdige med praktikantperioden i slutten av juni 2024. Eva Marie Felde og Ole Kristian Svalheim er faglærarar for kullet.

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 205 praktikantar. Frå dei siste ti kulla har 68 prosent av praktikantane jobb i ulike medium. 50 prosent er framleis i NRK, medan 18 prosent jobbar i TV 2 og andre medium.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks og Kveldsåpent i NRK P1. Det er tidlegare praktikantar frå NRK-kontoret i Nairobi til distriktskontor rundt omkring i heile landet.

Det er også journalistar herifrå som er reporterar i TV 2, politisk redaktør i Bergensavisen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avisa Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende og ei rekke andre nettaviser.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportane tek vi berre med dei fem siste kulla:

Kull 40: 2. januar 2024 – 28. juni 2024



Jonas Sævereide Kroken (1997) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, **Tora Carlsen Haaland (1998)** er vikar i NRK Utanriks, **Henning Levold (1994)** er vikar i NRK Trøndelag, **Laurita Fure Briceno (1992)** er vikar i NRK Vestland og **Sjur Systad Tyssen (1989)** er jobbsøkjar.

Kull 39: 21. august 2023 – 29. februar 2024




Jarand Aga Baas (1997) er musikal, **Matilde Sunde Solsvik (1999)** er fast tilsett i Vårt Land, **Ingrid Byggland (1990)** er fast tilsett i Vest-Telemark Blad, **Martin Værum Anda (1996)** er tilkallingsvikar i NRK Vestland og **Julie Haugen (2000)** er masterstudent i Volda.

Kull 38: 2. januar 2023 – 30. juni 2023



Annvor Seim Vestrheim (1995) er rådgjevar i Språkrådet, **Hedda Kurseth (2000)** er vikar i NRK Direkte, **Ingrid Turtum (1996)** er norsklærer i Oslo, **Oda Bjønnes Hanslien (2000)** er tilkallingsvikar i Stavanger Aftenblad og **Synne Malen Sandven (1995)** er vikar i NRK Utanriks.

Kull 37: 22. august 2022 – 28. februar 2023



Sander Eide Aase (2003) er lettmatros og politikal, **Ingrid Nedrebø (1996)** er frilansar, **Berit Helle Jonsbråten (1996)** er fast tilsett i NRK Rogaland, **Sunniva Skurtveit (1996)** er fast tilsett i NRK Trøndelag og **Solveig Oddvarsdotter Myren (1999)** studerer regi og fleirkameraproduksjon.

Kull 36: 3. januar 2022 – 30. juni 2022



Oda Flaten Lødemel (1993) er vikar i NRK Vestland, **Kristina Kassab Liland (1997)** er student, **Ingeborg Grindheim Slinde (1995)** er fast tilsett i NRK Vestland, **Ingrid Gulbrandsen Årdal (1996)** er fast tilsett i NRK Nordland og **Kasper Valestrand (1990)** er journalist i Nordhordland.

FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei tre andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem eller seks praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008. Leiar: Iram Ansari

Samisk talentprogram – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Sàpmi sidan 2020. Leiar: Maret Inga Smuk

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka:

Med NRK FleRe og Samisk talentprogram har vi felles fagdagar i Oslo. Med Nynorsk avissenter samarbeider vi om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Vi har dessutan sams søknadsfrist, og kandidatar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå.